



Olaf Agnar Gausvik med vakker samling til Uskedalen.(Foto: Jan Kopec)

**Olaf Agnar Gausvik har skrive mykje vakker poesi gjennom åra. Mykje av det har vore til ære for heimbygda og folket her. No har han samla mykje av dette i Daltrekk og draum som han har lagt ut som eit gratistilbod til lesarane på heimesida si. Der er også to songar av morfar hans, Andreas A. Bjelland, og onkel hans, Wilhelm Bjelland.**

Olaf Agnar Gausvik

# *Daltrekk og draum*



*Foto: Kurt Høegland*

## DEN VISE KVINNA

*- Det veit eg så vel,  
det hev eg fornemt i min ungdom.*

[Framsida.](#)

Olaf Agnar Gausvik skriv i føreordet til **Daltrekk og draum**:

'Daltrekk' var namnet til det handskrivne bladet til Uskedal ungdomslag. Eit konkret og velkjent omgrep for folket i dalen, men som bladnamn var det underfundig og hadde dobbelbotn.

Fleire av dei gamle protokollane finst framleis, og der kan vi lesa mangt og mykje om kva som låg i lufta blant ungdommane i det gamle bygdesamfunnet.

Frimodig har eg lånteke dette namnet når eg her har samla mykje av det eg gjennom åra har forfatta om og til bygda. Eg er av ei skrivande slekt. Det fall difor heilt naturleg å ta med morfar, Andreas A. Bjelland,

sin **Vaarsong**, og morbror, Wilhelm Bjelland, sin **Song til Uskedal**; etter mi meining dei mest ekte og hjartevarme versa som er skrivne til heimbygda vår. Som det gamle 'Daltrekk' er dette altså noko som først og fremst er tenkt for trufaste uskedalsvener.'

Gausvik har gjennom åra forfatta mange meisterlege prologar. I samlinga finn vi prologar til jubileum både for idrettslaget, musikklaget, ungdomslaget og kyrkja. Det aller mest kjende verket **Ved Bautasteinen** som vert så fint framført av 5.klasseelevane kvar 17.mai, er sjølv sagt med. Ein 17.mai utan dette er utenkjeleg her i bygda.

Gjennom vakker poesi hyllar Gausvik både Gullholm og Septemberstilla på Storsund, Gustav Bergstø og den velkjende skipparen på skonnerten 'Storm'. Her er dikt til Sparbutikken vår, Snøgåso vår og Dei gamle morelltrea på Rød. Det er også kortvers til mange. Vi nemner nokre: naboguten Tore Sergei, Festidalen, Båthamna, Ola Matti Mathisen og uskedalen.no. Ein kjapp Magne Huglen-replikk har også resultert i eit vers.

Heftet er illustrert med godt tilpassa bilete. Mange av dikta er også skrivne til melodiar, og dei er svært gode å syngja. Eg anbefaler alle å gå inn på [nettsida til Gausvik skrivestove](#) og nyta det. Det er raust av forfattaren å gje dette som eit gratis-tilbod. For dei som ønskjer heftet på papir, er det berre å skriva det ut.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foro Gausvik skrivestove.